

Fiskeridirektoratet
Postboks 185 Sentrum
5804 Bergen

Bergen 20.10.16

E-post: postmottak@fiskeridir.no

Att: Fiskeridirektøren

BIFANGST AV SEI I ØYEPÅLFISKET - INNSPEL TIL REGULERINGSMØTET

Det er ikkje lov å ha innblanding av sei i den delen av øyepålfangsten som går i rommet. All sei skal sorterast ut, enten med rist i trålen eller om bord. I praksis er det svært vanskeleg å unngå at det kjem nokre sei i rommet.

Pelagisk Forening ber om at det blir satt av sei slik at det er rom for 2 % innblanding i øyepålfisket. Med kvote på same nivå som for 2015 (178 000 tonn), vil dette utgjera 3 560 tonn.

Dette er lite i høve til seikvotane, som i 2015 var 152 804 tonn (46 854 tonn sør for 62 grader nord, og 105 950 tonn nord for 62 grader nord), men vil vera til god hjelp for å unngå unauddsynt kriminalisering ved øyepålfiske.

Med helsing

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS

Ask Økland
Advokat